



*Regionhistorie
for Hardanger*

Regionhistorie for Hardanger

Kompendium

Utarbeidd for Hardanger Historielag

av

Oddmund Hus, Lars O. Bleie, Inge Reinsnos og Øystein Pugerud

1. INNLEIING OG GRUNNGJEVING

1.1 Bakgrunn

Tanken om ei regionshistorie for Hardanger oppstod tidleg på 1980-talet.

At ideen vann fram nettopp i Hardanger Historielag hadde fleire årsaker. Laget hadde heilt sidan skipinga i 1908 hatt til føremål -

” ...å fremja gransking av Hardangers fortid og auka og spreia kunnskap om folkets liv og ferd i eldre tid.”

Samstundes vart det vedteke –

”...kvar år å gje ut ”Tidsskriftet Hardanger”.

Hausten 2007 kjem årbok nummer 100.

Gjennom alle desse åra har laget publisert artiklar med lokal- og kulturhistoriske emne frå dei sju kommunane i Hardanger; Kvam, Jondal, Ullensvang, Odda, Eidfjord, Ulvik og Granvin. Eit register utarbeidd i 1983; vert no ført fram til dei siste årbøkene. Registeret viser at årbøkene dekkjer eit vidt spekter av Hardanger si historie.

I 1982 vart det sett ned ei arbeidsgruppe til å førebu prosjektet ”Distriktshistorie for Hardanger”, og ei skisse til bokverk i fleire band vart lagt fram. Hardanger Historielag oppretta eit særskilt fond for prosjektet, men framdrifta stoppa seinare opp - av ulike årsaker.

I 1996 nyar styret i Hardanger Historielaget opp att regionshistorietanken.

I samband med at laget var 90 år i 1998, vart det skipa eit lokalhistorisk seminar på Utne. Åtte førelesarar heldt foredrag om ulike emne frå regionen, og ein av førelesarane; professor Ståle Dyrvik, sa mellom anna om regionshistoria for Hardanger:

”Den distriktshistoria eg ser for meg, er ei som understrekar einskapen i Hardanger fram til midten av 1800-talet, og som deretter freistar å måla mangfaldet som ynglar under den sams kulturarven. Det må verta meir enn bondesamfunnets historie: Næringsgrunnlaget femnar langt vidare enn jordbruket alt i den eldre perioden, og frå slutten av 1800-talet lyt dei nye industrisamfunna koma med i framstillinga med same tyngd som dei har i statistikken over folketalet. Og den er ikkje liten.

Ei distriktshistorie for Hardanger teiknar seg som eit spennande prosjekt.”

Foredraga frå jubileumsseminaret kom i årboka hausten 1998, og syner eit variert utval kulturhistoriske emne frå Hardanger.

Midlar til regionshistorie for Hardanger.

Sidan tanken om ei regionshistorie for Hardanger oppstod, har laget hatt som målsetjing å setja av midlar til prosjektet. På 80- og 90-talet gjekk ein i gang

med oppattrykking av Amund K. Bu sine ættarbøker for Odda, Ullensvang, Kinsarvik, Eidfjord og Ulvik, og tre økter med oppattrykking av laget sine egne årbøker frå åra 1908-1947, i alt sju innbundne bøker. Arbeidet i laget gav gode overskot.

1.2 Arbeidsgruppa

På Hardanger Historielag sitt årsmøtet i Eidfjord 25. april 2004 vart det lagt fram forslag om - og vedteke å oppnemna ei arbeidsgruppe som kunne få framdrift i prosessen. Arbeidsgruppa har vore Lars O. Bleie, Oddmund Hus og Inge L. Reinsnos.

1.3 Mandat

Arbeidsgruppa bad om følgjande mandat frå årsmøtelyden:

- registrera tidlegare arbeid
- analysera kritiske faktorar
- avklara om ideen er realiserbar
- sjå på produksjonsløysingar
- sjå på ressurstilgang og finansielle behov
- ta kontakt med fagpersonell

Ei tilråding skulle leggjast fram for årsmøtet året etter.

1.4 Arbeidet i gruppa

Arbeidsgruppa hadde jamlege møte i tillegg til kontakt via e-post. Det vart arbeidd kontinuerleg med drøfting av faglege og organisatoriske forhold rundt produksjonen av ei regionshistorie for Hardanger. Alternative løysingar til innhald og form på historieverket vart diskutert, og framdriftsplan og budsjettmessige vurderingar gjennomdrøfta. I tillegg vurderte ein organisering, forfattarar for verket og redaktøransvar.

Professor Ståle Dyrvik har også vore kontakta.

I november 2004 vart det halde arbeidsseminar med historikar Egil Nysæter, der han mellom anna såg på konseptet og greidde ut om arbeidet med - og erfaringane frå "Strilesoga"; eit fembands regionshistorisk bokverk for Nord- og Midhordland.

1.5 Årsmøtet i Hardanger Historielag

8. mai i 2005 la arbeidsgruppa fram ei skisse til løysing, - og tilråding for årsmøtet i Hardanger Historielag. Følgjande moment vart lagt fram og gjennomgått for årsmøtet:

1. Grunnen for å ta opp att ideen.
2. Arbeidsgruppa sitt mandat.
3. Grunngeving for tanken
4. Hardanger-namnet
5. Andre regionar si forståing for verdien av regionshistorie
6. Hardanger som region
7. Historieverket sitt omfang
8. Tidsaspekt og arbeidsmengd
9. Utgjevingstid: 2009 – 2011
10. Kostnader.
11. Styringsform.
13. Bibliografi og kjeldetilfang.

Arbeidsgruppa hadde følgjande tilråding til årsmøtet:

- ☒ Tida er inne for at Hardanger får eit samlande kulturhistorisk bokverk som kan sjå regionen i eit nytt og vidare historisk perspektiv.
- ☒ Hardanger er ein region med omfattande lokalhistorisk kjeldemateriale.
- ☒ Ei regionshistorie for Hardanger har lenge vore eit sterkt ønskje i laget, og midlar har vore avsett til eit slikt føremål.
- ☒ Oppspart kapital må setjast av til ”Regionshistorie for Hardanger” og såleis koma heile regionen til gode.
- ☒ Startkapitalen på ein million kroner vil bli ein avgjerande faktor for å få andre aktørar med på prosjektet.

Årsmøtet gav styret i Hardanger Historielag ”fullmakt til å disponera fondsmidlar (1 million kroner) til regionshistorie for Hardanger, og arbeidsgruppa fekk mandat til å arbeida vidare med prosjektet

Hausten 2005 tok arbeidsgruppa fatt på arbeidet att.

Det vart sett opp plan for faste møte første måndag i kvar månad. Gruppa bad om at forretningsfører Øystein Pugerud gjekk inn som fast medlem i arbeidsgruppa. Pugerud har møtt frå og med september.

Under det vidare arbeidet hausten 2005 såg arbeidsgruppa behovet for omgrepsdrøfting og ei idemyldring, og ulike definisjonar av omgrepet regionshistorie har vore diskutert. Ei trepunkts grunngeving for prosjektet har også arbeidsgruppa freista formulera.

Arbeidsgruppa har under heile prosessen hatt som mål å presentera prosjektet for aktuelle samarbeidspartnarar. Moment frå arbeidsdokumentet er lagt inn i PowerPoint. Ein har vore igjennom mange redigeringar før endeleg resultat låg føre. 13. desember hadde vi gjennomgang på Hardanger Folkemuseum. Solveig Jordal frå museet og historikar Einar Richter Hanssen var til stades og vart

bedne om å gje kommentarar. Nytt redigeringsmøte vart halde tysdag 10. januar 2006.

2. REGIONSHISTORIE

2.1 Noreg har rik lokalhistorisk litteratur.

I dag har dei fleste kommunar fått skrive sine eigne lokalhistoriske verk, anten som bygdebøker eller som byhistorie. Somme endå til fleire gonger (jamfør kommunane i Hardanger). På nasjonalt plan har større verk som Noregs-historia kome med 20 års intervallar.

Noko annleis har situasjonen vore for det ein gjerne har kalla distrikts- eller regionshistorie. Så seint som i 1979 kunne historikaren Rolf Fladby framleis skriva under på professor Jørn Sandnes sine ord om at *distriktshistoria har hatt mange talsmenn, men få dyrkarar i Noreg*.

I 1990-åra vart biletet eit heilt anna; med omfattande regionshistorisk forskning og fleire utgjevingar av distrikts- og regionshistoriske verk.

2.2 Omgrepet region

Omgrepet region er kjent frå politisk og administrativ sektor; der nemninga regionplan vert brukt om oversiktsplanar som dekkjer fleire enn ein kommune. Det er snakk om samordningsplanar. Omgrepet har også vist seg å vera brukande på andre område. Innafor EU snakkar ein i dag gjerne om «Regionenes Europa». I andre område opererer ein med "Austersjøregionen", som Noreg skal verta ein del av, og på Nordkalotten har ulike land gått saman om eit samprosjekt som ein har kalla "Barentsregionen". Dette er geografiske område som omfattar deler av fleire land.

Den daglege bruken av omgrepet region kan kanskje framstå som noko flytande når vi ser kor ulike dei geografiske "modellane" er i utstrekning – der omgrepet vert nytta.

Eit anna interessant trekk kjem og til syne, nemleg behovet for eit nivå mellom nasjonalstaten og kommunen. Det kommunale feltet kan på fleire område bli for lite – samstundes som det nasjonale heller ikkje blir det rette.

2.3 Interesse for regionshistorie og fagleg debatt om emnet.

Norske historikarar har somtid nytta omgrepa «distrikt» og «region» om ein annan. Historikaren Harald Winge har forslag til ein definisjon. For han er ordet distrikt av meir teknisk art, og vert berre brukt til å skildra;

«geografiske enheter som er større enn to kommuner, opp til landsdels størrelse, uten at det dermed er sagt noe som helst om verken topografisk, historisk eller kulturell egenart».

Omgrepet region gjev, i følge Winge sin definisjon; ei meir kvalitativ skildring av eit område. Det er snakk om; «enheter som kan avgrensas etter kulturelle kriterier i vid forstand, med grenser som helt eller delvis kan falle sammen med naturskapte eller med administrative grenser, men som ikke behøver å gjøre det». For mange historikarar er det nettopp denne kvalitative tilnærminga ved bruken av regionsomgrepet som har vore interessant.

Regionshistoria har vist seg å fylla eit felt som går mykje lenger enn arbeidsområdet til den meir tradisjonelle lokalhistoria. Samstundes har regionshistoria vist verdien av å velja eit anna fokus enn det ein til vanleg har tatt i bruk i nasjonale historieverk.

Mykje nytt arbeid og ein fagleg diskusjon har vist at region- og distriktshistorie kan skrivast på mange måtar, men dei utfordringane er det historikarane som lyt ta opp til vurdering når regionshistoria for Hardanger skal skrivast.

3. GRUNNGJEVING

Ein har forsøkt å finna svar på tre grunnleggjande spørsmål under grunngjevinga. For det første har vi sett på kvifor ein bør skriva eit historieverk som omfattar dei sju kommunane i Hardanger. Det andre er spørsmålet om kva som gjer regionsnivået interessant, og det tredje er kvifor eit slikt verk bør skrivast no.

3.1 Eit historieverk som omfattar dei sju kommunane/ herada i Hardanger.

3.1.1 Det geografiske landskapet

Regionen har klare geografiske fellestrekk mellom anna gjennom den sentrale betydaninga av Hardangerfjorden; eit særmerkt fjordlandskap med ei smal stripe land og ei arbeidskrevjande dyrkingsjord, tett opptil vidstrekke utmarks- og fjellvidder.

3.1.2 Det historiske landskapet

Administrativt har Hardanger vore å rekna for eitt område så langt tilbake som til tidleg mellomalder; då området var eige sysle, ei administrativ inndeling som vart skipa av kong Sverre. I Magnus Lagabøte sitt testamente frå 1277 er desse skipreida rekna til Hardanger: Kinsarvik, Eidfjord, Ulvik, Granvin, Jondal og Øystese. I seinmellomalderen var Hardanger eige underlen og frå 1647 futedøme.

3.1.3 Det kulturhistoriske landskapet

Grensa mellom Hardanger og Sunnhordland gjekk ved Vikingnes på vest-sida og Kysnes på aust-sida av Hardangerfjorden; ei gamal kulturgrense som viser att i talemål, giftarmål og namneskikk. I artikkelen "Folketeljningane som inngang

til ei distriktshistorie for Hardanger” har derimot Ståle Dyrvik vist til Halldor O. Opedal når det gjeld ei avgrensing og reknar heile det gamle Strandebarm med.

Nye arkeologiske utgravingar i Herand viser menneskeleg aktivitet i Hardanger i alle fall i 9000 år. Mot aust grensar store deler av Hardanger mot Nord-Europas største høgslette med ei spanande soge som granskarane stadig vender attende til og oppdagar nye trekk ved.

Næringslivet i regionen har òg ei interessant utvikling som det framleis ikkje har vore sett samla fokus på. Her er nok å nemna salt- og bytehandel mot aust i mellomalderen, skogbruk og skottehandel på 1600- og 1700-talet, kontakten med Kongsberg då sølvførekomstane vart utvunne - og handelsferder og fedrift. Alle viktige attåttnæringar. Seinare tok jaktebyggjinga og jaktefarten til, trelasthandel og fruktdyrking, småindustri, turisme og 1900-talet med kraftutbygging og storindustri. Utviklinga på 1900-talet blir ein spanande epoke.

Hardanger har i lange tider hatt ein særleg klang som distrikt. Det er gjerne nok å minna om Henrik Wergeland sitt dikt ”Hardanger” i Den engelske Lods og den nimbus som målarstykket ”Brudeferden i Hardanger” av Tidemand og Gude skapte og har skapt gjennom meir enn 150 år. Dei fremste kunstnarane våre strøymde til Hardanger i mange tiår og gav distriktet ein eineståande status. Og med Hardanger som Tusenårsstaden i Hordaland og det nye kunstsenteret i Øystese, vil dette verta ført vidare inn i vår eiga tid.

Hardangerbunaden vart lansert som nasjonaldrakt kring førre hundreårsskiftet. Hardingfela har ei soge som går attende til 1650-talet og kan visa til ei folkemusikalsk utvikling som har påverka vår nasjonale klassiske musikk. Edvard Grieg, Johan Halvorsen og Geirr Tveitt har sett folkemusikken frå Hardanger på verdskartet.

Litteraturen saknar òg ei samla vurdering frå Henrik Wergeland si tid og fram til våre dagar, ikkje minst med tanke på den måten Olav H. Hauge har gjort Hardanger kjent.

Det same kan ein òg seia om kyrkja og den rolle prestane har hatt, religiøse rørsler, offentlege og private skular og lagsliv.

Meir kunne sjølv sagt ha vore nemnt, men det ligg ikkje i arbeidsgruppa sitt mandat å leggja føringar for ei regionshistorie for Hardanger. Vi vil berre trekkja fram moment som syner at det i regionen finst ein sams kulturhistorisk kapital og identitet som utgjer Hardanger.

3.2 Kva gjer regionsnivået interessant?

Fleire og fleire distrikt har sett verdien med å samla dei historiske trådane i ei regionshistorie. Her er det nok å nemna Strilesoga som framifrå døme. Med sine 5 band i stort format er det eit omfattande verk i tekst og bilete. I tillegg har Agder-fylka gått saman om ei Agders historie og Trøndelag har fått si.

Med eit regionshistorisk verk for Hardanger vil ein kunna vinkla det historiske tilfanget slik at ein kan syna samanhengar på ein annan måte enn til dømes i eit bygde-bokverk. Viktige kulturelle, sosiale, økonomiske og politiske mønster og heilskapar vil bli synlege.

Det er først når regionen blir analyseobjekt; at ein kan få svar på dei spørsmåla som korkje nasjonal historie eller bygdehistorie kan gje svar på når det gjeld eigedoms- og produksjonsforhold, sosiale relasjonar og demografisk utvikling. Som region har Hardanger vore underlagt nasjonale rammebetingelsar, men har sjølv og lagt rammebetingelsar for ei lokal utvikling. Regionen blir såleis både struktur og aktør i si eiga historiske utvikling:

“Norge er formelt sett en enhetsstat, men reelt sett en føderasjon av selvhevdende distrikter.” (H. Winge).

Bibliografien over Hardanger si historie viser at det finst omfattande lokalhistorisk litteratur som gjer det mogeleg å samanlikna forhold innetter i regionen, og forholdet til ”omverda”; andre regionar, byar osv.

Bibliografien har og avdekka eit stort potensiale for ny kunnskap; gjennom fokusering på nye epokar og enkelttema, og ikkje minst gjennom det å sjå på Hardanger utifrå nye perspektiv, der nettopp regionsperspektivet vil vera heilt sentralt. ”Regionen” vil koma til å spela ei stadig viktigare rolle, både i ei framtidig organisering av Noreg, og internasjonalt i forhold til EU sitt regionsprogram. Gjennom ei regionshistorie for Hardanger kan viktige sider ved regionen sin kulturelle kapital utredast.

Føremålet med dette verket må bli å kartleggja regionen sin identitet, med skiftande innhald til ulike tider; ikkje ein regionsidentitet, men fleire identitetar innan ein region.

3.3 Kvifor bør verket skrivast akkurat no?

Hardanger som region står ved eit tidsskilje. Sterke endringar har skjedd og skjer innafor felt som samferdsle, helse, utdanning og næringsutvikling. Nye politisk/administrative inndelingar vert og diskutert. Ei regionshistorie kan bli ei bru mellom folk i Hardanger og eit viktig samarbeidsprosjekt som kan gje positive ringverknader kommunane i mellom.

Eit regionshistorisk bokverk for Hardanger vil styrka Hardanger som region innad og utad.

Utanom dei reint lokalhistoriske produksjonane i Hardanger, har det dei siste åra kome ut fleire bøker om Hardanger, gjerne skrivne av utanbygds forfattarar som har vore bergtekne av regionen, - av landskap, mangfald og variasjonar, bygningsskikk og folkekultur. Og vakre bilete sel.

Få område i Noreg står så sterkt som region i folks medvit som nettopp Hardanger, både i Noreg og i utlandet. På kontinentet er Hardanger eit omgrep og kan stå for kulturoppleving og det rotekte norske. I USA det same.

Ei regionshistorie vil utan tvil bli motteke med stor interesse. Det er no vi som region har ein høvet til sjølve å stå for eit samlande og eit femnande historieverk for vårt Hardanger.

Eit kvart hundreår har gått sidan dei første freistnadene på å få til eit regionshistorieverk for Hardanger vart gjorde. Mykje har skjedd på mange område, ikkje minst når det gjeld historieforskinga. Store datamengder kan no gjerast tilgjengelege for til dømes historieforskinga og gje oversikter og gjera det mogeleg å påvise trendar og utviklingstendensar som tidlegare låg skjult i nær utilgjengelege arkiv og samlingar. Datateknologien representerer ei metodisk fornying for mange fag som ein førebels berre har sett byrjinga på.

Det same gjeld framstillinga. Her vil det vera snakk om å nytta seg av nyaste teknologi for framstilling av bilete og illustrasjonar.

Som vedlegg I syner, har me ein omfattande lokalhistorisk litteratur i Hardanger, men me manglar ei regionshistorie som kan syna dei særmerka, det mangfaldet og den identiteten som heile regionen representerer. Det vil verta meir og meir viktig i eit framtidsperspektiv for regionalt samarbeid.

Det er få distrikt i Noreg som har så omfattande lokalhistoriske kjelder å ausa frå, noko som og går fram av vedlegget. Kvar av dei sju kommunane har fått sine bygdebøker, den første kom alt i 1907. Året etter byrja Hardanger Historielag å gje ut årbøkene sine.

Samlararbeidet til Halldor Opedal utgjer ei imponerande kjelde til granskinga av folkeliv og – kultur i Hardanger.

4. INNHALDET I REGIONSHISTORIA

Ei distriktshistorie må vera lettlesen og samstundes fagleg forankra, og tufta på vitskapelege fakta og nyare gransking, ho skal setja Hardanger inn i eit vidare perspektiv, innretta mot dei unge og vår eiga tid, mot komande generasjonar, mot innflyttarar som søker innsikt i samanhengar, og ikkje minst som kjelde for folk som kjem til distriktet vårt eller som bur utanfor regionen – og som er på leit etter sermerke og identitet. Det bør vera viktig å syna både likskapar og ulikskapar i den historiske utviklinga innan regionen. Folkeflytting og generelle demografiske tilhøve har vore neglisjert i bygdebøkene – eit viktig tema som det er naturleg å ta opp i ei distriktshistorie.

Det som òg vil karakterisera ei moderne distriktshistorie, er det omfattande biletmateriale som eit slikt verk vil syna fram, både det historiske materialet og det ein må få med frå vår eiga tid.

Ei distriktshistorie bør ha eit pedagogisk siktemål, både med tanke på grunnskulen, den vidaregåande skulen, høgskular og universitet.

Ein bør kunna leggja visse føringar for arbeidet med og innhaldet i eit slikt verk, men først og fremst må det vera faghistorikarane si oppgåve å reisa dei spørsmåla ein vil ha svar på.

5. GJENNOMFØRING

Ei distriktshistorie for Hardanger vert eit stort økonomisk løft. Det må ein ha i tankane når ein vurderer omfanget og dei samarbeidspartnarane ein må byggja eit slikt tiltak på. Som samarbeidspartnarar reknar me kommunane i Hardanger, Hardanger Historielag og Hardanger Folkemuseum. Me reknar med at bankane og dei større verksemdene i distriktet vil sjå verdien av å støtta eit slikt tiltak. Me meiner at me har eit godt utgangspunkt for å realisera eit slikt prosjekt *no*. Hardanger Historielag har sett av 1 mill. kroner til føremålet, og med denne eigenkapitalen, burde distriktet finna rom for ei slik kulturell satsing.

6. ORGANISERING

Me ser for oss at det er samarbeidspartnarane som skal styra eit slikt prosjekt.

6.1 Råd med 9 medlemmer

- 1 medlem frå kvar av kommunane i Hardanger (Odda, Ullensvang, Eidfjord, Ulvik, Granvin, Kvam, Jondal), helst frå formannskapet.
- 1 medlem frå Hardanger Historielag.
- Direktøren for Hardanger Museum.
- Sponsorane bør kunna møta som observatørar.
- Rådet styrer prosjektet med ansvar for økonomi og framdrift.

6.2 Rådet vel eit arbeidsutval på 3 medlemmer

- arbeider ut instruksar for redaktørane
- formar ut kontraktar med forlag/utgjevar og trykkeri. Kontraktane skal leggjast fram for rådet til godkjenning
- arbeider ut plan for distribusjon.
- fylgjer opp arbeidet etter kvart som det skrid fram.

6.3 Fagråd med 4 medlemmer

Det bør engasjerast ein redaktør for kvart av dei tri banda. Ein av redaktørane bør samstundes vera hovudredaktør for verket.

Desse utgjer fagrådet saman med leiaren for rådet som avgjer kva saker som skal leggjast fram for arbeidsutval eller råd.

6.4 Sekretær

Det bør vera ei målsetjing at Hardanger folkemuseum vert sett i stand til å ta på seg sekretærfunksjonen for eit slikt verk.

Sekretæren

- førebur saker for råd og arbeidsutval
- sender ut innkalling til møte og fører møteprotokoll
- har den daglege styringa med rekneskap og økonomi

6.5 Støttegrupper

Det bør organiserast støttegrupper i kvar kommune. Støttegruppene bør kunna gå aktivt inn i arbeidet med bokverket med mellom anna innsamling av foto og anna tilfang.

7. OMFANG OG TIDSBRUK

- Kronologisk ordna historie.
- Band 1. Den eldste saga fram til 1660
- Band 2. Tida 1660 - 1850
- Band 3. Tida 1850 - 2010
- Sidetal: kring 1200 sider fordelt på dei tri banda.

- Skrivning: 3 årsverk pr. band
- Biletredaksjon: 1 årsverk (forlaget?)
- Layout 1 årsverk (forlaget)
- Redaksjon: 1 årsverk
- Sekretariat 500 000 kr.
- amanuensis har 550 000 kr pr. årsverk
- Innkjøp av foto: 450 000 kr.(medrekna nykjøp).

- Tidsaspekt for arbeidet: 2007 - 2010

- Utgjevingstid: 2009 - 2011.

8. ØKONOMISK STYRING OG BUDSJETT

”Regionshistorie for Hardanger” er eit stor økonomisk prosjekt, og er ikkje realiserbart utan at ein når fram til fullfinansiering.

Budsjettet er bygd opp på opplysningar henta frå andre tilsvarande prosjekt, og kostnadsoverslag frå trykkeri og forlag.

Utgangspunktet er likevel bra i og med at Hardanger Historielag har gått god for 1 million kroner.

8.1 Utgifter

Den største utgiftsposten er løn til forfattarar. Om lag eit årsverk vil gå med til å administrera bokverket. Hardanger Folkemuseum kan ta på seg sekretariatsoppgåva.

Når det gjeld bildemateriale har Hardanger Historielag fri tilgang til alle fotografa etter K. Knutsen (Billedsamlingen, Universitetet i Bergen) og Wallevik-samlinga ved Hardanger Folkemuseum. Fotosamlinga ved Norsk Vasskraft- og Industristadmuseum i Tyssedal er også aktuell.

Illustrasjonane til bokverket og bearbeidinga av desse er eit prioritert fagområde og vil utgjera ein forholdsvis stor del av budsjettet.

I tillegg til dei faste biletsamlingane vil det vera aktuelt å nytta illustratørar der dette er tenleg.

Det er tenkt eit opplag på 2000 sett (3 bøker pr. sett).

Sal og marknadsføring har ikkje arbeidsgruppa tatt endeleg stilling til. Ein har likevel vurdert ulike alternativ.

1. Hardanger Historielag kan ta deler av oppdraget. Laget har stor medlemsmasse (1000 medlemmer) og eigen nettbutikk. På dette nivået kan ein gå i samarbeid med Hardanger Folkemuseum.
2. Eit forlag tar alt arbeid og ansvar for marknadsføring, distribusjon og sal.
3. Eit tredje alternativ kan vera ein kombinasjon av 1 og 2.

8.2 Inntekter

Ein vonar at kommunane i Hardanger kan gå for ei årleg budsjettering på kr 460.000 over ein femårsperiode etter Hardangerrådet sin fordelingsnøkkel.

Sal.

Gjennom distribusjonsnettlet til Hardanger Historielag reknar ein med å få mange førehandstingingar. Det vil såleis vera mogeleg å justera opplaget alt etter kva respons ein får på marknadsføringa til medlemene.

I budsjettet er det stipulert å selja 1500 sett den første tida. Dette utgjer om lag 1,8 millionar kroner. Det er ikkje urealistisk å tenkja seg at dei resterande setta går ut, altså kr 500.000 i tillegg.

Ein treng såleis å få på plass minst 3,5 millionar hjå andre bidragsytarar; bankar, fylke, kulturråd, Opedalsfondet, industri og næringsverksemdar i regionen.

8.3 Overskot

Eit mogeleg overskot er tenkt plassert i eit fond som kan brukast til å utvikla ein interaktiv nettversjon av regionshistoria for Hardanger. Dette vil verta eit viktig hjelpemiddel og tenleg verkty for grunnskulane i regionen, vidaregåande skule og universitet og høgskular. "Bokverket" kan såleis bli eit pionerprosjekt når det gjeld formidling av regionshistorie på nettet.

Under arbeidet med regionshistoria bør ein ha i tankane om det kan la seg gjera å leggja ved ein cd for "biletvandring i Hardanger".

14.03.2007

Budsjettforslag

Utgifter	antall	pr. stk		
Forfatterhonorar 3 årsverk pr. band	3	550000	4 950 000	
Redaksjon			500 000	
Sekretariat			500 000	
Sum råstoff			5 950 000	
Innkjøp foto			450 000	
Bilredaksjon			500 000	
Repro/design/språkvask			550 000	
Trykking			600 000	
Marknadsføring omk.			150 000	
Sal og andre omk.			200 000	
Sum produksjonskostnader			2 450 000	
Sum utgifter				8 400 000
Inntekter				
Hardanger kommunane			2 100 000	
Hardanger Historielag			1 000 000	
Bankar			1 000 000	
Hordaland Fylke			500 000	
Andre bidragsytarar			2 000 000	
Sum tilskot			6 600 000	
Sal	1500	3	400	1 800 000
Sum inntekter				8 400 000
Overskot				0

9. BYGDEBØKER OG ANDRE LOKALHISTORISK KJELDER FRÅ HARDANGER (UTVAL).

Oversyn over bygdebøker og ættesoger og annan lokalhistorisk litteratur i Hardanger. Hardanger har eit rikt utval av historisk-topografiske bygdebøker og ættesoger.

Den første som gav ut slike bøker av eit visst omfang var sokneprest Olaf Olafsen. Han skreiv historisk-topografiske bygdebøker for:

Ullensvang (1907), Kvam (1921), Granvin (1922) , Ulvik (1925).

Aamund K. Bu gav ut desse ættebøkene:

Ættarbok for Kinsarvik 1931 m/ tillegg 1960 av Svein Røthe

Ættarbok for Udlesvang 1936 m/ tillegg 1967 av Svein Røthe

Ættarbok for Odda 1939, Ættarbok for Øyfjord 1943, Ættarbok for Ulvik.

Olav Kolltveit skreiv bygdebøker og ættesoger for

Strandebarm og Varaldsøy 1947 (2 band)

Jondal i gamal og ny tid 1954 (2 band).

Odda, Ullensvang og Kinsarvik i gamal og ny tid 1962 – 74 (8 band).

Alma og Knut Dalen: Røldal bygdebok 1960 (1 band). Gards- og ættesoge.

Henrik Meyer Kvaalem: Ættebok for Granvin 1975. Ny utgåve v/ Einar Richter Hanssen 1995.

Henrik Meyer Kvaalem: Bygdebok for Granvin 1986.

Olav Kolltveit, Johs. Kvestad og Torbjørn Dyrvik: Bygdebok for Ulvik (og ættesoge) 1987.

Tobias og Agnes Læg Reid: Gards- og ættesoge for Eidfjord 1992.

Nils Kolle: Bygdebok for Kvam b. II 1999.

Gaute Losnegaard: Bygdebok for Jondal 2005.

I tillegg til desse bøkene finn me eit rikt lokalhistorisk tilfang i:

Halldor O. Opedal: Makter og menneske b. 1 – 17

Halldor O. Opedal: Folk or gamal tid b. 1 – 8.

Dessutan er det kome ut gardssoger, banksoger, industrisoger og soger om lag og organisasjonar i Hardanger.

Eit interessant trekk ved det historiske materialet som finst i Hardanger er avisa Hardangeren/Hordalands Folkeblad som kom ut frå 1874 som avis for heile Hardanger, med ordskifte og anna stoff om det som folk var opptekne av, ikkje minst det som rørde seg i tida fram mot 1905.

Hardangersamlinga ved Odda bibliotek: 9000 titlar.



Tusen takk for at du har lese kompendiet!